



Arkivnr: 2014/557-61  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		

## Budsjett 2015 for fylkeseldrerådet - ønskjer

### Samandrag

Fylkeseldrerådet har for 2014 fått tildelt 325 000 kr frå Hordaland fylkeskommune, noko som er ein auke på 25 000 kr frå 2013. Kva som vert tildelt for 2015 vert lagt fram som eit forslag frå fylkesrådmannen i oktober og vert vedteken av fylkestinget i desember.

Fylkeseldrerådet har moglegheit til å spele inn ønskjer i samband med tildelinga av midlar for 2015 til administrasjonen. I samband med dette må fylkeseldrerådet ta stilling til kva aktivitetar som skal skje i 2015. Dersom desse aktivitetane inneber trong for auke i tildelte midlar kan dette formidlas til administrasjonen ved eit brev. Administrasjonen vil så sjå på moglegheiter for eventuell auke. Endeleg avgjerd vert å finne i utkast til budsjett som vert presentert i oktober.

Forslag til førebels budsjett 2015 for fylkeseldrerådet frå administrasjonen vert utarbeida på bakgrunn av ønskja aktivitetar og forslag til tildeling frå fylkesrådmannen. Saka om førebels budsjett 2015 for fylkeseldrerådet vert derfor tidlegast fremja til november-møtet.

### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Birte Markeseth Aasen  
leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*